

**Notat**Dato: 28.05.2015  
Arkivsak: 2015/5085-3  
Saksbehandlar: karoen\_

---

<b>Til:</b>	Fylkesrådmannen
<b>Frå:</b>	Personaldirektøren

---

**Notat om økonomisk ramme kap. 3 og kap. 5**

Eg viser til mitt notat dagsett 19.mai 2015 og din mail av 19.05.2015 der du godkjende ei økonomisk ramme for lønsoppgjeret i kap. 3 og kap. 5 på 2 %.

Personaldirektøren hadde møte med representantar for organisasjonane fredag 23. mai der dei skulle gje tilbagemelding på tilbudet om 2 % flatt tillegg for dei to kapitla.

Organisasjonane er positiv til at det denne gongen vert gitt eit flatt tillegg. Det vil spare mykje tid og administrative ressursar ved at ein slepp å kjøre reelle forhandlingar.

Organisasjonane er óg postive til at det vert gitt eit tillegg på 2 % i kap. 3. Dei er ikkje nøgd med ramma for kap. 5 og meiner at den må ligge noko høgare. Dei viser til at overhenget er noko lågare for kap. 5 enn kap. 3, pluss at kap. 3 fekk eit større tillegg i 2014 (0,12 %).

I møte kom det og opp ei problemstilling knytt til utrekning av faktisk overheng i HFK for dei to kapitla. Dei meiner at lønsglidning ligg inne i talet for overheng ut frå den måten HFK har rekna overhenget på.

**HFK har rekna overhenget slik;** «En prosentvis beregning som beskriver hvor mye lønnsnivået ved utløpet av et år ligger over gjennomsnittsnivået for hele året.» (KS sin definisjon).

Vi meiner at all lønsglidning vil ligge inne i en slik måte å rekne ut overhenget på når alle stillingar som høyrer til kapitlet (alle med st. kode 8xxx) vert teken med.

Lønsglidning gir uttrykk for den delen av lønsveksten som, i sentrale tariffavtalar, ikkje kan tilskrivas tariffmessige tillegg. Til dømes ansiennitetsopprykk (noko vi ikkje har i kap. 3 og kap. 5) og endringer i lønn som følge av skifte i stilling.

Dersom vi tek bort antatt lønsglidning ( 0,2 %/kap. 4) og føreset at dette ligg inne i overheng slik vi har rekna det ut i HFK, blir reknestykket dvs. datotillegget pr. 1.mai slik:

Kap. 5 ( Årslønsvekst 3,2 % - faktisk overheng 1,68 % = 1,52 % x 12/8 = **2,28 %**  
Kap. 3 ( Årslønsvekst 3,2 % - faktisk overheng 1,90 % = 1,30 % x 12/8 = **1,95 %**

Meirkostnaden med å gå for denne løysinga i forhold til godkjent løysing om 2 % til begge kapitla er kr. 805.319.

Personaldirektøren må snarast gi ei tilbakemelding til organisasjonane om kva den endelege ramme blir for kap. 3 og 5 blir ( til opplysning er datotillegget for kap. 5 i Bergen kommune på 2,7 %).

Totalkostnad kap. 3 med ei ramme på 1,95 % er kr. 4.242.251

Totalkostnad kap. 5 med ei ramme på 2,28 % er kr. 7.443.349

**Totalt** **kr. 11.685.600**